Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Granvin

Emne: Ting til lækjedom og vern mot sjukdom Bygdelag: —

Oppskr. av: Jon Haukanes f.e., 85 år g. Gard: Haukanes

(adresse): Folkedal G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ringar ha vore svært lite i bruk og no veit eg ikkje um nokon på desse kantar (som) brukar dei. Det var imot sjukdom, og då helst mot gikt dei var brukte. Dei var laga av ein blanding av kopar og tin. Dei var glatte, og um det var innskrift, veit eg ikkje. Korleis dei vart elektriske, kjenner eg ikkje til. Um det var ringar av bein, kan eg ikkje segja.

Um armband veit eg ingenting.

Det er helst tatra som stasar seg til med ringar i øyro og på fingrar; serleg då fentene med armband likeens. Bondefolk brukar ikkje korkje armband eller stas i øyro.

10 Eg kjenner til at eldre folk brukte elektriske belter um livet; men for tida kjenner eg ingen som brukar slike belter.

11 Fantar og fenter kunde gå med ringar i øyrena, og fentene hadde

16-22 gjerne noko dingeldangel i ringen. Det var nemnt, at det var mot gikt dei hadde slikt i øyro - båe øyro.

11065